KVINNHERAD
KOMMUNE

Seksjon kultur, næring og utvikling

Ingve Horgen
Nygårdshagen 21

4158 Bru

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|---|
| **Francesca Galdiolo** | **48025632** | **2020/1085-1** | | **15.04.2020** |

# Foryngingsplikt 2020 - Ingve Horgen

**Foryngingsplikt etter hogst**
I høve til lov om skogbruk § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk kap. 3 (§§ 6-8) har du som skogeigar plikt til å gjennomføre naudsynte tiltak for å sikre tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst.

**Bakgrunn**
Fylkesmannen i Vestland har saman med Kvinnherad kommune gått gjennom registrerte data i skogfondssystemet for hogst av gran og foryngingsarbeid på din eigedom. Vi har ikkje registrert noko tilfredsstillande foryngingstiltak etter den registrerte avverkinga.

Forklaringar på dette kan være:

- Avverkinga er tynningshogst
- Arealet er lagt til rette for naturleg forynging
- Arealet er omdisponert til andre formål enn skogproduksjon
- Arealet er planta utan bruk av skogfond
- Andre alternativ som går fram frå eigenmeldingsskjema

Vi ber deg om å gi ei tilbakemelding på kvifor det ikkje er registrert foryngingstiltak etter den registrerte avverkinga.

Vær venleg og bruke vedlagte eigenmeldingsskjema til dette. Eigenmeldingsskjemaet skal returnerast innan 5. mai 2020 til Kvinnherad kommune v/skogbruksansvarleg, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal eller med e-post til post@kvinnherad.kommune.no.

Dersom kommunen ikkje mottek eigenmeldingsskjemaet vil forholdet bli følgt opp etter skogbrukslova sine reglar om foryngingsplikt.

**Utnytt skogfond og få skattefordelar**
Du kan finansiere planting med midlar frå skogfondkontoen din. Ved bruk av disse midlane får du ein betydeleg skattefordel.
Les meir på www.skogfond.no

**Ønskjer du meir informasjon, ta kontakt med**
Skogbruksansvarleg i kommunen Francesca Galdiolo eller ein lokal skogbruksorganisasjon i ditt område.

Med helsing

Francesca Galdiolo
*Saksbehandlar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*